

Tveiten 11.09.14

Til

Radøy kommune v/Skule og opplæring
 Radøyvegen 1690
 5936 MANGER

Frå

Hege Bøe
 Hellandsvegen 102
 5936 MANGER

Søknad om gratis skuleskyss

Eg vil med dette søkje om fri skuleskyss til mine tre skuleborn:

Håvard Bøe Pedersen f.20.04.04

Fride Bøe Pedersen f.17.07.05

Maren Bøe Pedersen f.11.11.07

Me bur på Tveiten, og frå Tveiten til Manger er det litt over 2.5 km og me kjem ikkje innunder grensa for gratis skuleskyss.

Grunnen for søknad er at vegen til skulen er svært farleg og me ynskjer ikkje å sende borna våre på sykkel eller til fots på denne vegen.

Her er nokre argument:

- På strekninga Tveiten-Manger er det kun to gatelys. Eit ved busstoppet på Tveiten, og det neste kjem ved gamle Erstad Trevarefabrikk.
- Det er ingen gang- og sykkelveg på strekninga. Vegen er svært smal frå Tveiten og til Ishuset. Ved gamle Erstad Trevarefabrikk er og vegen svært smal. Der er det og fjellvegg på eine sida av vegen og murkant på andre sida. Dette gjer det vanskeleg å gå utav vegen om det kjem store bilar.
- Det er svært mykje tungtransport med store trailerar og lastebilar som kører på vegen grunna fabrikken på Sætre og sagbruket på Helland.
- Mangen som bur i Mangersregionen og innover, brukar denne vegen når dei skal på jobb på Mongstad og ellers andre plassar på Austrheim. Dette fører til stor trafikk morgen og ettermiddag.
- Bilar kører i svært høg hastighet på strekket Brondalstoppen til busstoppet på Tveiten. Fartsgrensa er 50, men alle på Tveiten kan bekrefte at bilane kører langt over denne fartsgrensa. Dette er ikkje dokumentert, men det kan gjerast om naudsynt.
- Born på Dalland og Helland som også er under 4 km grensa får gratis skuleskyss grunna farleg skuleveg. Me ser ikkje at vegen våre born har til skulen er mindre farleg.

- På strekninga har vi og dei uoversiktlege Korneliussvingane. Her er vegen breidare, men kjem der bilar frå begge retningar er det likevel for smalt.

Eg har sjølv gått denne vegen i det siste, og eg følte meg lang frå trygg når eg gjekk. Der var gonger eg måtte ned i grøfta for å ikkje bli påkøyrd. Eg gjekk til Manger på 30 minuttar, skal me senda ungane gåande innover må me rekna minst ein time.

Når det gjeldt sykling legg eg ved dette sitatet frå Trygg Trafikk sine sider

Trygg Trafikk generelle anbefaling er at barn bør være 10-12 år før de sykler alene der de må forholde seg til biler og andre kjøretøy. Foreldre må selv vurdere egne barn i forhold til modenhet, trafikkforståelse og hvordan det behersker syklingen.

Dette vil sei at ifølge Trygg Trafikk anbefaling kan kun eitt av mine born sykle til skulen. I tillegg står det at foreldre må vurdere egne born. Eg vurderer vegen som så farleg at eg ikkje vil sykla sjølv og langt mindre sende mine born av garde på sykkel.

Eg håpar at de vil vurdere å gje borna mine ein trygg og gratis skuleveg.

Håpar på positivt svar og me er opne for evt samtale og meir dokumentasjon. Me er og villig til å ha underskriftskampanje/demonstrasjon for å få dette gjennom.

Mvh

Hege Bø

Hege Bø